

VEDTEKTER FOR UNGDOMSSTYRET I RYFYLKE

Ungdomsstyret i Ryfylke har ti medlemmer, to frå kvar av kommunane Sauda, Suldal, Hjelmeland, Strand og Sandnes. Styret er samansett i samsvar med § 2 i vedtektene.

§ 1 Mandat, føremål og oppgåver

1.1 Føremål for ungdomsstyret:

Styret skal vera ein viktig pådrivar for å auka deltaking av unge i utviklinga av Ryfylkeregionen, mellom anna ved å bidra til å byggja gode møteplassar og å styrkja bu- og arbeidsattraktivitet for unge i regionen.

Gjennom samarbeid over kommunegrensene skal medlemmene i ungdomsstyret dra nytte av kvarandre sine erfaringar frå dei ulike kommunane, med sikte på utvikla og styrkja regionen basert på eigenarten til Ryfylke.

Styret skal arbeida for at ungdommar kan stå saman i viktige interessesaker som gjeld unge sine vilkår i Ryfylke, og det skal ha eit sentralt ansvar for å bidra til å byggja Ryfylke-identitet i regionen.

Styret skal vera eit overordna organ for ungdomsråda i Ryfylke i saker som handlar om å vera ung i regionen. Saman med ungdomsråda i kommunane skal styret stimulera til samfunnsengasjement, medbestemming og deltaking når politikk skal formast.

1.3 Viktige oppgåver:

- Styret skal leggja til rette for faglege og sosiale arenaer og møteplassar der unge får
 - vera sosiale saman
 - kunnskap om regionen sine fortrinn
 - styrkja felles identitet til Ryfylke
 - bidra til å skapa demokratiske gode samfunnsprosessar.
- Styret skal peika ut representantar til politiske fora på regionalt og fylkeskommunalt nivå som skal representera unge i Ryfylke.
- Styret skal arbeida for at kollektivtilbodet i regionen tar omsyn til ungdommen sine behov.
- Styret skal bidra til å fordela midlar til tiltak av interesse for unge.
- Skal vera høyringsorgan i alle saker som gjeld dei unge sine vilkår.

Styret kan reisa saker det sjølv finn aktuelle, men ikkje saker som gjeld enkeltpersonar.

Ungdomsstyret kan invitera politikarar, administrasjon eller andre til styremøta for utveksling av informasjon og kunnskap, for å stilla spørsmål eller for å diskutera ei sak.

§2 Funksjonstid og samansetting

Kvart ungdomsråd i Ryfylke vel ein representant med vara til ungdomsstyret. Representanten må vera mellom 15 og 20 år i kalenderåret han blir vald.

Ryfylkerådet peikar i tillegg ut ein person m/vara frå kvar kommune som er over 20 år og under 26 år i kalenderåret vedkomande blir vald.

Styremedlemmene har personlege vara og styret konstituerer seg sjølv.

Styreleiar har møte og talerett i Ryfylkerådsmøta.

Det må vera minimum 40 prosent frå kvart kjønn i ungdomsstyret.

Valperioden er to år og gruppa under og over 20 år blir vald annakvart år.

§3 Møte

Ungdomsrådet har møte i forkant av Ryfylkerådet slik at styret kan koma med innspel til regionrådet sitt arbeid. Det skal normalt vera seks møte per år, der minst to skal vera fysiske.

Møteinnkalling og saksdokument skal vera offentlege og blir sendt ut slik praksis er for ordinære folkevalde organ. Dei skal òg gå i kopi til kommunane.

Leiar av Ryfylkerådet har møterett og talerett på møta.

Ryfylke IKS er sekretariat for styret og syter for at saksbehandlinga blir tatt hand om.

Medlemmene i styret skal ha jamlege møte med ordførar og/eller ansvarleg for ungdomsråda i sin kommune.

3.1 Møteplan

Det blir sett opp eigen møteplan for kvart år i samband med utarbeiding av årsplan/handlingsplan for styret sitt arbeid. Møteplanen skal sendast til alle kommunane, inkludert ungdomsråda i kommunane.

Dagsorden:

- Opning
- Godkjenning av innkalling og møtebok frå sist møte, meldingar og ymse
- Statusrapport – økonomi
- Behandling av aktuelle saker.

Årsmelding og rekneskap skal liggja føre og godkjennast før Ryfylkerådet har årsmøtet sitt.

§4 Økonomi

Ungdomsstyret set opp eige budsjett med langtidsplan (4 år) i samband med utarbeiding av årsplan og handlingsprogram.

Ungdomsstyret følgjer Ryfylke IKS sitt regelverk for godtgjering av ombod. Ryfylke IKS dekkjer òg reiseutgifter i samband med styremøta.

Etter kvart val blir det gjennomført opplæring i arbeidet med å vera medlem av ungdomsstyret.

5. Vedtektsendring

- Ungdomsstyret i Ryfylke kan gjera vedtak om vedtektsendringar, som må godkjennast av Ryfylkerådet.
- Vedtak om endringar i vedtektene krev 2/3 fleirtal.